

# Eksamen

05.06.2018

SLG3102 Salsfaget / Salgsfaget

## Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p><b>Jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-52, 3-53, 3-54 og 3-55:</b> "Eksamen skal prøve i kva grad den einskilte praksiskandidaten/lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen (Vg3) for opplæring i bedrift som praksiskandidaten/lærlingen tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve/har teikna lærekontrakt i."</p>

# Situasjonsbeskriving

## Tema: Marknadsføring

Du jobbar som salsmedarbeidar i ei verksemd du vel sjølv. Leiinga vil no fokusere på marknadsføringa til verksemda.

Du skal ta utgangspunkt i desse fagområda i svaret:

- pris- og rabattpolitikk
- sals- og marknadsaktivitetar
- service
- salsmetodar

## Oppgåve

Du skal med utgangspunkt i fagområda over

- beskrive kort marknadsføringa til verksemda
- foreslå forbetringar av marknadsføringa
- forklare korleis forbetringane påverkar dei ulike fagområda

## Bokmål

Eksamensinformasjon	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	<p>Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p><b>Jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-52, 3-53, 3-54 og 3-55:</b> "Eksamen skal prøve i kva grad den einskilte praksiskandidaten/lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen (Vg3) for opplæring i bedrift som praksiskandidaten/lærlingen tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve/har teikna lærekontrakt i."</p>

# Situasjonsbeskrivelse

## Tema: Markedsføring

Du jobber som salgsmedarbeider i en virksomhet du velger selv. Ledelsen vil nå fokusere på virksomhetens markedsføring.

Du skal ta utgangspunkt i disse fagområdene i besvarelsen:

- pris- og rabattpolitikk
- salgs- og markedsaktiviteter
- service
- salgsmetoder

## Oppgave

Du skal med utgangspunkt i fagområdene over

- beskrive kort virksomhetens markedsføring
- foreslå forbedringer av markedsføringen
- forklare hvordan forbedringene påvirker de ulike fagområdene



Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[utdanningsdirektoratet.no](http://utdanningsdirektoratet.no)